

Ligg det ei form for samfunnskritikk i det at du i så stor grad nyttar deg av gjenbruk?

Jo, det ligg kanskje under. Eg meiner at forbruket må ned, men vil ikkje moralisera over andre. I overflodsverda vår gir det meg ei ekstra glede å bruka om att ting frå tidlegare generasjonar eller nyare ting andre har kvitta seg med. Ingen materiale er nøytrale, ikkje eingong bronse eller oljemåling. For meg har materialval stor betydning og eg vert ofte fascinert av kvardagen og livet, det som andre kan velja bort og kasta. Slike material legg til noko ekstra ved arbeida, ei lading, ein ambivalens, som vert ein viktig del av heilskapen.

Korleis har du jobba med utstillingsrommet i Kabuso?

Det er eit spesielt rom, eit rom det er vanskeleg å vera likegyldig til. Eg måtte gjera nokre bevisste val. Rommet er langt og smalt, med ein perspektivverknad kor forsvinningspunktet ligg ein stad ute på parkeringsplassen utanfor. Eg prøver å understreka det som er spesielt og jobba på lag med rommet, ikkje mot det. Eg har difor vektlagt det lange strekket kor takhøgda minkar, til dømes med eit fragmentert arbeid som små bindestrekar langs heile langveggen, og valt å plassera det høgaste arbeidet i den enden kor taket er lågast.

Titlane til verka er poetiske, men kjennest óg viktige. Kva rolle spelar titlane for deg?

Eg prøver å tilføra noko anna, noko meir enn det fyrste som fell ein inn når ein ser arbeidet, gi det vengjer eller noko overraskande. Titlane er viktige for meg og eg brukar ganske mykje tid på dei.


Korleis ynskjer du at publikum skal nærma seg verka dine?

Eg ynskjer å gi fantasien både mogelegheiter og utfordringar. Det gjeld både meg sjølv i arbeidsprosessen, men og korleis eg håpar arbeida vil framstå for publikum. Samstundes ynskjer eg at arbeida skal vera mest mogeleg opne for tilskodaren sine egne opplevingar. Eg håpar publikum vil møta utstillinga med openheit, fantasi og undring.

23. febr-20. april 2019

Alternative farvann

Aud Bækkelund



Aud Bækkelund sine verk får meg ofte til å tenkja på *haiku*, korte dikt kor ulike verbale bilete vert stilt saman – med nye, overraskande bilete som resultat. Essensen i haiku er *kiru* – kutting eller skjering. Ein haiku kan, om han treff deg, opna opp merkemda for det ukjende.

Bækkelund brukar ulike material – demonterte kjøkengolv, blyantstubbar, leidningsrestar, kapp av frukttré, linjal, tråd og stoffrestar – til å komponera installasjonar og objekt. Samanstillingar, omarbeidingar og titlar hintar om dei komplekse banda me har til tinga som omgir oss. Tida me lever i kan kanskje samanliknast med eit hurtigtog som skramlar i veg med opne godsvogner, kor stadig meir av lasten fell av. Men me slepp ikkje unna at alt som vert laga, alt me produserer og brukar, er konstruert av noko – eit materiale planeten byr på og som utvunne, omarbeidd og sett i omløp.

I Bækkelund si verd vert det praktiske kopla med det fantasieggande. Abstrakte tankebanar, ofte formulert i malande titlar, formar mentale rom kor dei prosaiske tinga får heilt nye roller. I verket *Sesongmessige vandringer* navigerar Bækkelund oss frå øy til øy, ei forunderleg verd forma av sliten linoleum, kryssfiner og vesen som ser ut til å vera henta frå store djup eller like djupe skogar. Reisa er tydeleg til stades, både i dette og dei andre verka i utstillinga. Tekstilarbeidet *Ferd* tar oss med gjennom reisa sitt diagram. I dette tilfellet ein figur registrert av GPS som viser ein seglbåt sine rørsler frå koordinat til koordinat. Blikket vert trekt langs ei bølgjande linje som strekkjer seg i heile teksten si lengd. Sjølve reisa derimot, gjekk føre seg i eit nærverande no, ein kontinuerlig respons på ver og vind. Båten, seier Bækkelund, kan ta oss i alle retningar.

Installasjonen *Hverdagens logikk* er bygd opp av det ubrukte og det brukbare, det dugelege og det skrota – ting me held mellom hendene og som er del av liva våre ei stund. Alle desse tinga er forma av bruken over lang tid, dei er òg forma av behov. Dei har vore verktøy eller hjelpemiddel, ei forlenging av kroppen kor han ikkje har strekt til. Verket *Referansesystem for praksis* er tilsvarande sett saman. Tommestokken – som deler opp rom og lengder i ørsmå og regulerte einingar – er skapt om til ein ubrukeleg floke.

Hos Bækkelund får tinga ein liten pause, dei vert nytta i andre historiar og får eit glimt av eit nytt og årvake blick på vegen gjennom tida si kvern. Og kanskje tinga sjølve erkjenner at alt er forgjengeleg – at ein kan skifta både ham og funksjon undervegs – og at forteljningane er mange og ingen heilt sanne.

Sissel Lillebostad

Samtale mellom Aud Bækkelund og formidlar i Kabuso, Karen Noer Korssjøen, februar 2019.

Korleis veks eit nytt verk fram? Byrjar du med eit materiale, ein teknikk, ein ide - eller startar det ein heilt annan stad?

Å koma i gang med nye arbeid kan vera vanskeleg. Då er det kanskje fordi eg ikkje har eit system, og startfasen kjennest ofte litt frustrerande og kaotisk. Eg er alltid ute etter noko eg ikkje har tenkt ferdig på førehand og har eit ynskje om at arbeida skal overraska både meg sjølv og andre. Av og til er det ting og materiale som inspirerer. Når eg står fast kan eg byrja å rydda i atelieret og da kjem ideane i møte med gjenstandane eller tekstilane. Men det kan òg vera resultat av noko eg er interessert i eller opplever. Arbeida *Ferd* og *Sesongmessige vandringer* er ein konsekvens av seglasane dei siste fire somrane med fine opplevingar langs norske-, svenske- og finskekysten. Folk som ikkje seglar trur kanskje det kjedeleg og lite aktivitet om bord, men det kan til tider verta ganske travelt å følgja med på navigeringa mellom øyer, steinar og skjær, og samstundes prøva å få mest mogeleg ut av vind og segl. GPS-spora frå seglasen låg på iPad'en som ein tynn, svingete eller sikksakk strek i det blå karthavet på skjermen og ga meg ideen til at dette kunne eg sy.

Du nyttar deg ein del av gjenbruk. Kor finn du dei ulike gjenstandane?

Det finst jo bruktbutikk. Sjølv om eg prøver å vera streng med meg sjølv, er eg nok ein liten samlar. Me er omgitt av eit utruleg mangfald av ting, og sidan eg aldri veit kva eg kan få bruk for ved neste sving, vert ein god del lagra. Arbeidet *Hverdagens logikk* består av livets skrot, eit fyrtårn eller skjelett av ting og tang som me kan støtte oss til i kvardagen. Det gamle kjøkenbordet vårt er fundament, elles er det gjenstandar frå krokane i atelieret, noko frå bruktbutikken eller spesielle ting vener har kome med. Og så er det alle bøkene. Eg er glad i bøker. Nokre les eg fleire gongar, andre er meir dårleg samvit, dei eg burde ha lese. Tårnet inneheld mykje, og det kunne vore fylt på. Kvardagen og livet er eit uferdig prosjekt, heldigvis.

I arbeidet *Sesongmessige vandringer* brukar eg linoleumsgolvet me har trakka på i 20 år. Me skulle bygga om heime og golvleggarane reiv opp det gamle golvet i strimlar og ville kaste det. Nei, det satt litt langt inne. Eg kunne ikkje kaste det. Det vart utgangspunktet for materialval og delvis styrande for utforminga av *Sesongmessige vandringer*. Eg leiter høgt og lågt etter material som kan kombinerast. Eit uopna flyttelass viste seg å innehalda garn eg fekk frå Trengereid fabrikk i studietida. Her fann eg litt tilfeldig viskosegarn med fargar som passa godt til linoleumen.